

Digitalt planregister

Prøv tenesta

Start med å gå inn i kartbasen til Indre-Sogn på adressa www.sognekart.no. Her får du opp eit kart over heile regionen. Bruk lupa som ligg på den blå verktøy-linja og lag ein firkant over det området i kommunen du vil sjå nærare på. Du kjem no inn i den kommunale kartbasen. No går du i boksen til venstre for kartet og vel karttype. Teksten står enno på bokmål og du må velje Regulerings/Bebyggelses-planer. Kartet oppdaterer seg sjølv. Når du er i kartmålestokk over 1: 50.000 vil du ikkje sjå kvar det er gjeldande planar. Zoom deg inn i kartet for å få fram omrisset til gjeldande planar. Fyrst i målestokk under 1: 20 000 byrjar du å sjå detaljar i reguleringsplanane. Planane som ligg ute på internett har litt varierende kvalitet, men ned i målestokk 1:1000 ser du dei fleste plankarta tydeleg.

For å få fram meir informasjon om plankarta brukar du i-knappen på den blå informasjonslinja over kartet og trykkjer ein stad inne i kartet. Du får då opp ein boks til venstre for kartet der du får fram plan-ID som er nummeret til planen, namn på planen, når planen vart vedteken og du får linkar som du kan trykke på for å få fram bl.a. heile plankartet (Vis Original plan), føresegner (Vis Bestemmelse), vedtak og tittelfelt. Du kan også få markert plangrenser i kartet.

Eit anna alternativ er å søke etter regulerings- eller bebyggelsesplanar. I boksen til venstre kan du bruke funksjon "Velg søk". Det neste du gjer er å velje reguleringsplanar, kva kommune planane skal vera frå, under gruppe kjem reguleringsplanar opp og under type vel du om det skal vera gjeldande plan, utbyggingsplan eller utgått plan. På venstre side får du no opp ei alfabetisk liste med alle dei planane som du har definert i søket ditt.

Du kan trykke på "Marker alle Gjeldende plan" får du markert alle planane i kartet. Dersom du så klikker på plannavnet vert kartet automatisk oppdatert i kartvindaugget og du kjem til planområdet. I lista med reguleringsplanar på venstre side kan du klikke på 3 ulike ikon for å sjå på originalplan (plankartet), bestemmelse (føresegner om omtale av planområdet) eller vedtak (politisk handsaming). Alle desse dokumenta er i pdf format som kan lesast i Acrobat reader.

Dersom du ynskjer det kan du få lagt på eigedomsgrenser (raude linjer), stadnamn, bygningar, leidningar osv. oppå planen ved å gå på eit nytt fanekort til venstre merka med figur svart firkant med grøn V-hake. Merk av i boksane for det du vil sjå og trykk på knappen over som heiter Oppfrisk. Det er viktig å vera klar over at dei planane som er lagt ut til no er bilete og dei treng ikkje liggja heilt rett i forhold til andre vektordata på kartet. Du kan difor ikkje sjå i detalj akkurat kvar eigedomsgrenser mm ligg i planen, men du får likevel ein god oversikt. I framtida vil nye planar verte av mykje betre kvalitet og korrekte uansett kva kartmålestokk du ynskjer å sjå dei i.